

No i godleik

Tone: Dei vil alti klaga aa kyta

1) No i godleik folkje vaart staaka
Her er godskap aa lyftande ord
Her er fagnad og hugnad aa raaka
Fred aa trevnad i sinnerna gror

2) Denne godskap hev sine grunnar
Paa dei framsteg vort Norrig hev gjort
Allestader ikring seg oppunder
Finn ein ærleik aa da er so stort

3) No kan folkje styra aa stella
No kan rettast paa det do er galt
No skal rettferd aa likheiti gjella
Dei skal hjelpast so illa hev balt

4) No me fegnast, detta vert hyggja
No når truska aa semja veks til
No dei segja at freden er tryggja
No me vil da so grannen vor vil

5) Paa nelande liggja vel mange
Lida vondt til baa møna aa merg
Deira vilkår so pinleg aa tronge
Med sjølvhjelp dei øyna kje' bjerg

6) Hev me saman vunne so mykje
maa me saman ha gagni av det
Da er ditta folkje vort tykkje
Harmonera med sanning aa rett

7) Dei heretter stella aa staaka
No i lo aa til luvert maa sjaa
So at dar so dei kræfftsaari raaka
Dar maa plaasteren absolut paa

8) De Vorherre so lækje aa samna
Han gjev plaaster paa kvar sin saar
Me vil takk han for alt so han jamna
for den samhug aa fre so me faar